

Jf. adresseliste

Sakshandsamar: Finn O. Meling
Telefon direkte: 45427874
Dato: 10.12.2018
Referanse: 18/16395-6

Høring - søknad om konsesjon for landingsplass på sjø i Eidfjord

Scandinavian Skies AS (org 816 761 352) har søkt om konsesjon for å driva og inneha landingsplass for sjøfly i Eidfjord.

1. Nærare om søknaden

Scandinavian Skies AS fekk i 2017 dispensasjon frå kravet om konsesjon for å driva og inneha landingsplass for sjøfly i Eidfjord kommune for ein driftssesong. Dei søkte om ny dispensasjon i 2018, men fekk avslag på denne søknaden.

Scandinavian Skies AS har no søkt om ordinær konsesjon for landingsplass for sjøfly i Eidfjord. Det er i søknaden ikkje sagt noko om for kor lang tid det vert søkt om konsesjon, men utgangspunktet i konsesjonsforskrifta er 10 år for landingsplassar til privat bruk.

Det går fram av søknaden at selskapet vil ha hovudbasen sin i Bergen, men at dei vil stasjonera eitt fly i Aurland og eitt i Eidfjord. Eidfjord vil vera sekundærbase for selskapet. Selskapet skriv at dei vil tilby rundflyging med turistar, samt taxi og charterflyging. Sesongen vil vara frå byrjinga av april til ut oktober. Rundflyging vil stort sett skje i samband med at cruisebåtar ligg til kai. Sjøflyet vil kunna ta imot passasjerar frå Tenderkaien, eller frå Menes. Flyet vil kunna bli parkert ved flytebrygge på Menes eller ved Simadalsvegen 31A.

Flytypen som vil bli nytta er Cessna 206. Dersom det er marknadsgrunnlag for det, vil også Cessna 208 Caravan eller liknande bli brukt. Det er søkt om løyve til opp til 70 flyrørsler per veke (ei flyrørsle er enten ein avgang eller ei landing). Flyging skal kunna skje mellom kl. 0800 og kl. 2200 på kvardagar, og mellom kl. 1000 og kl. 2030 på helge- og heilagdagar. Inn- og utflygingstraseane går i detalj fram av søknaden og vedlegg til denne. Grovt sett kan ein skildra traseane slik at det i hovudsak vert utflyging mot vest i Eidfjorden, med start eit stykke uti fjorden frå Eidfjord sentrum. Innflyging vil stort sett skje i stor høgde mot vest over Simadalsfjorden og ut i Eidfjorden, med avsluttande innflyging i form av sving austover.

Scandinavian Skies AS underbyggjer søknaden med at dei i 2018 har hatt rundflygingar i Eidfjord, men av ein slik art og mengde at det ikkje har medført krav om konsesjon. Ein konsesjon vil gjera de enklare for selskapet og for tilbydarar i turistnæringa å føreseie grunnlaget for drift, samt at det vil gje høve til investeringar i Eidfjord og grunnlag for nye arbeidsplassar. Dei skriv at ein konsesjon også vil føra med seg betre kontroll på den totale flyaktiviteten i Eidfjord, ettersom andre som vil fly til landingsplassen må henta inn løyve frå konsesjonshavaren. Selskapet skriv vidare at det har vore stor etterspurnad etter turane deira i Eidfjord.

Luftfartstilsynet / Civil Aviation Authority

T: +47 75 58 50 00
F: +47 75 58 50 05
E: postmottak@caa.no

Postadresse:
Postboks 243
8001 BODØ

Besøksadresse:
Sjøgata 45-47
8006 BODØ

Fakturaadresse:
fakturamottak@caa.no

Fakturamottak DFØ
Postboks 4104
2307 HAMAR

2. Nærare om konsesjonsregelverket

Alle som vil starta opp, driva eller ha ein landingsplass skal som hovudregel inneha konsesjon, jf. lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartslova) § 7-5 første ledd. Ifølgje luftfartslova § 7-6 skal konsesjon berre bli gitt når det kan bli sameina med allmenne omsyn. Det skal bli henta inn fråsegn frå relevante kommunale og andre styresmakter før konsesjon eventuelt blir gitt.

Vilkåret «forenlig med allmenne hensyn» er nærare presisert i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplassar (BSL E 1-1 – heretter konsesjonsforskrifta) § 1 bokstav b, som har slik ordlyd:

«Formålet med forskriften er:

b) Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»

Det følgjer vidare av luftfartslova § 7-7 at konsesjon blir gitt for ei bestemt tid, og på slike vilkår som ein finn grunn til å krevja. Konsesjon for landingsplassar til privat bruk blir som hovudregel gitt for ein periode på 10 år, i samsvar med konsesjonsforskrifta § 15.

3. Høyringa

Luftfartstilsynet ber høyringsinstansane om ei vid vurdering av konsekvensane av etablering av landingsplass opp mot allmenne omsyn, med særleg vekt på dei omsyna som er tekne inn i konsesjonsforskrifta § 1 bokstav b (sjå ovanfor).

Me ser gjerne at høyringsinstansane særskilt kommenterer dei forholda som er nemnde i pkt. 3.1 flg.

3.1 Forholdet til kommunal arealplan

Det følgjer av luftfartslova § 7-6 tredje og fjerde ledd at konsesjon som hovudregel ikkje kan bli gitt i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Konsesjon kan likevel bli gitt i strid med arealplan dersom vedkomande plan- og bygningsstyresmakt samtykker til ferdighandsaming av konsesjonssøknaden.

Etter det Luftfartstilsynet kan sjå, vil landingsplassen liggja i eit område i fjorden som er regulert som vatnareal for allmenn bruk, til dels ferdselsområde (hamn). Me ser i utgangspunktet ikkje at etablering av ein landingsplass vil vera i strid med føremåla, men ser gjerne at planstyresmaktene gjev nærare uttrykk for sitt syn på dette, særskilt korleis ein privat landingsplass kan sameinast med eit område for «allmenn bruk». Me viser i den samanhengen til avtale mellom kommunen og søkjaren om bruk av fjordbassenget og tenderkaien på Menes.

3.2 Forholdet til naturmangfaldlova

Luftfartstilsynet har i innleiinga i sakshandsaminga sett til lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) §§ 8 til 12, jf. § 7.

I utgangspunktet er det liten grunn til å tru at andre dyreartar enn fuglar vil vera særskilt utsette for konsekvensar som følgje av ein landingsplass på sjø, så lenge det ikkje også ligg føre restriksjonar mot båttrafikk. Luftfartstilsynet har gjennomført sjekk mot artsdatabanken, men ser ikkje at det synest å vera fugleartar som vil kunne bli truga av sjøflyaktiviteten. Det er riktig nok registrert funn av den utsette fuglearten sjøorre nær Menes, men dette er eit område der sjøflya kun vil driva med taksing, det vil seie køyring på sjøen lik andre sjøfartøy.

Luftfartstilsynet går ut frå at enkelte høyringsinstansar kan ha større kunnskap om naturmangfaldet i området, og om landingsplassen sin moglege innverknad på dette. Om det ligg føre slike forhold som ein meiner gjer det naudsynt med ei nærare vurdering, ber me om ein særskild kommentar til dette ved sida av ei oversending av det konkrete kjeldegrunnlaget kommentaren byggjer på.

3.3 Støy

Når det gjeld støy, så har Scandinavian Skies AS søkt om *dispensasjon* frå kravet om støyutrekning. Kravet om støyutrekning følgjer av konsesjonsforskrifta § 11 tredje ledd. Her står det også at Luftfartstilsynet har høve til å dispensera frå dette kravet.

Scandinavian Skies AS skriv at avgang mot nordvest vil medføra at støysensitive område i liten grad vert ramma. Ved avgang mot nordaust vil avgang skje lenger ut i fjorden, mot Rossanes. Selskapet skriv at støyen gjev lite vesentleg utslag i retninga bak flyet, og at erfaringar frå to sesongar med periodevis flyging har medført få klagar knytt til støy. Selskapet peiker på at dei framover ikkje vil fly over Vøringfossen eller hytteområda på same stad. I andre område vil dei fly i minimum 1000 fot over bakkenivå. Dei meiner at dette vil ta tilstrekkeleg omsyn til dyrevelferd, med referanse til reinsdyrnæringa.

Luftfartstilsynet sitt utgangspunkt er at ein dispensasjon frå kravet om støyutrekning vil kunna bli vurdert dersom det i monaleg grad vert sannsynleggjort at omgjevnadane ikkje vil bli plaga av støy i noko vesentleg grad som følgje av etableringa av landingsplassen. Luftfartstilsynet ynskjer tilbakemelding frå høyringsinstansane på deira vurdering av om dei ser det naudsynt med ei støyutrekning for dei planlagde flyrørslene konsesjonen vil byggja på, eller ikkje.

3.4 Konsesjonsvilkår

Luftfartstilsynet har lagt ved utkast til konsesjonsvilkår. Desse byggjer på Luftfartstilsynet sin generelle praksis og mal for vilkår, og på opplysningar i søknaden.

Taler på fløyørslar som er nemnde i utkastet til konsesjonsvilkår vil famna om all aktivitet på landingsplassen. Ramma for trafikkomfanget er absolutt. Dersom det i konsesjonsperioden er aktuelt med eit høgare tal på flyrørslar, må konsesjonen først bli endra.

Me understreker at dei vedlagde konsesjonsvilkåra er førebelse utkast, og at desse såleis kan bli endra i etterkant av høyringa, også på grunnlag av mottatte fråsegn i høyringsperioden.

3.5 Teknisk/operativ godkjenning

Søkjaren skriv at selskapet har hovudbasen sin i Sandviken i Bergen, og at Eidfjord vil vera sekundærbase.

Vår dato
10.12.2018

Vår referanse
18/16395-6

Luftfartstilsynet gjer merksam på at forskrift om krav til teknisk/operativ godkjenning av flyplassar (BSL E 1-2) som hovudregel stiller krav om teknisk/operativ godkjenning for hovud- eller sekundærbase (vår understreking) for ervervsretta luftfartsføretak. I så fall må krava i *forskrift om utforming av sjøflyplassar (BSL E 3-4)* vera tilfredsstilte.

Luftfartstilsynet har også høve til å stilla krav om teknisk/operativ godkjenning på eit meir skjønnsprega grunnlag, når særlege grunnar ligg føre (sjå BSL E 1-2 punkt 4.2). Dette kan bli aktuelt med tanke på at landingsplassen vil bli nytta til flyging med betalande passasjerar.

4. Høyringsfrist

Me ber om at eventuelle fråsegn til søknaden blir sende til Luftfartstilsynet **innan 25. februar 2019**.

Fråsegn kan bli sendt pr. e-post til: postmottak@caa.no, eller pr. post til: Luftfartstilsynet, Pb 243, 8001 Bodø. Merk gjerne fråsegnet med saksnummer 18/16395.

Med unntak av dette høyringsbrevet, blir ikkje dokumenta som inngår i høyringa sende til høyringsinstansane. Samtlege høyringsdokument, herunder bakgrunnsmateriale, er tilgjengelege på www.luftfartstilsynet.no, under «Høyringer».

Kommunen må i samband med høyringa sjølv vurdera om søknaden skal bli lagt ut på lokal kommunal høyring før eventuell fråsegn blir gitt.

Med venleg helsing

Nina B. Vindvik
juridisk direktør
Direktoratsavdelinga

Finn O. Meling
juridisk seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og krev derfor ikkje signatur.

Vår dato
10.12.2018

Vår referanse
18/16395-6

Vedlegg:

- Søknad om konsesjon med vedlegg

Adresseliste:

- Eidfjord kommune - postmottak@eidfjord.kommune.no
- Fylkesmannen i Hordaland - fmhpostmottak@fylkesmannen.no
- Hordaland fylkeskommune - hfk@hfk.no
- Kystverket – post@kystverket.no
- Naturvernforbundet i Hordaland - hordaland@naturvernforbundet.no

Kopi til: Scandinavian Skies AS